


RIKSTEATRET 30 ÅR
1949-50
1979-80

EMIGRANTAR

AV
SLAWOMIR MROZEK



Bernt Erik Larssen og Noralv Teigen

Programredaktør Janecke Madsen
I redaksjonen Inger Brun, Anne Marie Krafft
Foto Frits Solvang
Trykk Enersens Trykkeri a.s, Oslo

Dekorasjonar og kostyme er laga på Riksteatrets verkstad under leiing av William Jensen og Ole Vestby.

POLEN ETTER 2. VERDSKRIGEN

Etter 2. verdenskrigen var Polen eit av dei mest krigsherja landa i Europa. Tjuve % av folket hadde mist livet, og dei byane var jamna med jorda. Nazistane hadde ført ein politikk som skulle slette ut alle spor av polsk kultur og hadde derfor avretta svært mange kunstnarar og intellektuelle. Då kommunistane så kom til makta med støtte frå Sovjet-Unionen, vart det sett i verk omfattande tiltak for å få landet på føte att. Polen gjekk inn i ein epoke med djuptgåande samfunnsendringar som kom til å prege både det kulturelle og det sosiale livet.

Eit lands kultur er alltid nært knytt til dei sosiale og politiske tilhøva i landet. Derfor vart krigen og krigsopplevelingane

det som først og fremst interesserte polske forfattarar i dei første etterkrigsåra. Samstundes prøvde dei å knyte trådane attende til litterære og dramatiske tradisjonar frå førkrigstida. Mange dramaforfattarar orienterte seg mot ein tradisjon som hadde vaks fram ved århundreskiftet og som hadde vorte vidareførte i 30-åra. Denne teaterforma vart kalla absurdisme (absurd: meiningslaus, urimeleg, fornuftsstridig). Den var ikkje nokon særpolsk tradisjon, men den polske varianten hadde vore særslivskraftig. Den vart kjenneteikna av ei evne til å sameine eit realistisk utgangspunkt og føremål med absurde verkemiddel.

Torhild Viken


«EMIGRANTAR»

Skodespelet «Emigrantar» hadde urpremiere i Paris i 1974 og handlar om det å leva som emigrant (utvandrar). Forfattaren hadde no budd borte frå heimlandet i mange år, og hadde sjølv

emigrantstatus da dramaet vart skrive. Utgangspunktet for skodespelet er likevel ikkje berre forfattaren eigen situasjon, men ein situasjon som mange menneske i verda vår lever i.



Bernt Erik Larsen og Noralv Teigen.



Bernt Erik Larsen.

EMIGRANTAR

Røter. God jord. Godt miljø.

Planten lever. Rota er god.

Rota lever. Jorda er god.

Ny jord.

Flytte?

Frå Homansbyen til Stovner.

Frå Karlsøy til Tromsø.

Frå Pakistan til Noreg?

Ein gong hørde eg til ein stad.

No bur eg her — men hjarta mitt bur

ikkje bra.

Kvífor flytta eg?

Lengeten etter ein betre kvardag.

Rikdom.

Fridom.

I min kjellar — i emigrantens kjellar
bur draumen om rikdom og fridom —
men draumen bur ikkje bra.

Emigrantar. Ein tragedie.

Emigrantar. Ein komedie.

Eit rotfast tre som driv ein straum.

Eit menneske som går vaken i ein
draum.

Emigrantar — græt.

Emigrantar — ler.

Du — græt.


Eg — ler.

Du — ler.

Eg — græt.

Emigrantar? Du og eg?

Kjell Haave



Noralf Teigen.

SLAWOMIR MROZEK

EMIGRANTAR


| | |
|---------------------------------|---------------------|
| Omsetjing | FINN KVALEM |
| Regi | KJELL HAAVE |
| Scenografi/kostyme | EINAR DAHL |
| Regiassistent | HANS HAGA |
| Hår/sminke | HANNE REVOLD |
| Språkkonsulent | LEIF MÆHLE |

ROLLENE:

| | |
|-----------------|--------------------------|
| AA | BERNT ERIK LARSEN |
| XX | NORALV TEIGEN |

| | |
|------------------------------------|------------------------------------------------------|
| Turnéleiar/inspisient | Rune Berny Løken |
| Teknikarar: | Mette Brantzeg, Espen Fjordheim, Kari Noreger |

Framsyninga varar ca. 1 time og 50 minutter.



Bernt Erik Larssen og Noralv Teigen.

OM FORFATTAREN

Slawomir Mrozek (f. 1930) er saman med Tadeusz Rozewisz dei to mest kjende moderne dramatikarane frå Polen.

Mrozek skreiv i byrjinga små satiriske prosastykke, og det første skodespelet kom i 1958.

I dette dramaet («Politi») gjev Mrozek oss det første prov på at han er ein alvorleg humorist. Forma er komisk, men innhaldet er tragisk.


Nokre døme:

I «Politi» finn vi eit mystisk land der politiet har drepe all opposisjon. Ein straumlinja stat som i Kafkas «Prosess». Berre ein einaste opposisjonell er att, og når han gjev seg — kunne politiet slutte å eksistere. Men kva hender? Jo, politiet kommanderer ein politimann til å gjere politisk kriminelle handlingar.

I skodespelet «I rom sjø» (1961) finn vi tre menn på ein flåte som ikkje har stort anna å ete enn seg sjølve. På demokratisk vis blir dei samde om at ein av dei tre må bli eten for at dei to andre skal leve. Dei brukar alle tenkjelege politiske metodar for å kome fram til eit resultat. Og når dei til slutt klarar å «overtide» den veikaste om at han må ofre seg... finn dei sjølv sagt mat. Men då er det for seint.

For den veike har teke ei avgjerd... han vil døy for dei andre. Ein heroisk død. Han er lykkeleg.

I «Strip-tease» (1961) er to menn åleine inne i eit rom. Ingen av dei liker det. Så kjem det ei stor hand inn i scenebilete og kler av dei. Ei hand som stiller krav. Krav dei to må etterleve. Eit krav som kjem utanfrå og som tek frå dei to fridomen.



Bernt Erik Larsen og Nortalv Teigen.


Men kva er fridom?

Vi kunne finne mange døme på Mrozek sin teknikk. For han er ein god teknikar. Han veit å bruke forma som ein kontrast til innhaldet — på same måte som han brukar teatret mot røyndomen. Livet er eit stort rollespel — eit teater. Og dette teater må settast opp mot røyndomen. Røyndomen sjøv — som røyndom — har ingen plass i

teatret. Min beste karakteristikk av Mrozek er at han skjørnar mykje om alvor — tragedie. Men humor og varme er likevel alltid til stades i denne alvorlege verda.

Kan hende har vi alle noko å lære i så måte. — Alvor må aldri bli så alvorlig at det berre er til å le av.

Kjell Haave



Bernt Erik Larssen og Nortalv Teigen.



Man har det ikke morsommere enn man gjør det til, men det faller lettere å gjøre det i fjerne land.

Globetrotter er livsgledens budbringer

At hemningene avtar med avstanden til hjemlandet er ikke noe ukjent for oss nordboere. Men livsgleden er noe mer enn hemningsløshet og spon-tanitet. Det har noe med atmosfæren å gjøre, og opplevelsene man får. Griper du sjansen kan det bli mange gledesstunder. Sambo på gaten i Rio hører til noe av det morsomste du kan oppleve. Å svinge seg til calypsotyr-mene fra et bensinførkester i strandkanten på Barbados er som å bli barn igjen. Å se Thaidans i Bangkok kan gi mange finsteme opplevelser. Kan-ske får du til og med delta.

Og du vil nyte solen, sandstrendene og det åpne, blå havet. Føle hvor-dan varmen myker deg opp og gjør deg lettere til sinns i stille laguner og på vakre koralløy med krystallklart, tropvarmt badevann året rundt.

Og en slik reise blir livet hjemme både fattigere og rikere. – Fattigere, fordi du vil savne en annrelades ver-

den. Rikere, fordi det du hører og ser om fjerne land, blir levende.

Globetrotter har mange års erfaring i å arrangere reiser i andre verdenstil og vet hvilke opplevelser nordmenn vil ha – og hvilke man helst vil slippe. En stab av skandinaviske reiseledere med godt kjennskap til forholdene på stedet star klare til å ta seg av deg under oppholdet.

En tur til Øst-Afrika koster deg fra kr 4.940,-. Til De Vestindiske Øyer kommer du for ca. kr 4.585,-. Og i Thailand kan du feriere for omkring kr 3.540,-. Eller kanskje du velger Amerika? En tur dit behøver ikke koste mer enn ca. kr 3.610,-. (Feriekatt er ikke inkludert. For-hold om prisendringer).

Les «Den store ferieboken!» Om ikke annet så kan du gjøre en reise i fantasiens. Det er en god begynnelse, og sei den gratis. Ring (02) 11 07 34 når som helst på døgnet og be om å få den tilsendt. Eller bestill den ved å fylle ut annonsekuponpen.


«Ferieboken» og nærmere opply-sninger får du forsvrig i reisebyråene og SAS-kontorene over hele landet. Der kan du også reservere plass på turene.

| | |
|------------------------------------------------------------------|--|
| Send meg straks «Den store ferieboken!» | |
| Navn: _____ | |
| Adresse: _____ | |
| Postnr.: _____ Poststed _____ | |
| Sendes: Globetrotter Tours, Postboks 9574 Egertorget, OSLO 1. | |

globetrotter
flyr SAS



***Fly
i Norge
med...***



**BRAATHENS
SAFE**

Emigrantar : av Slawomir



21g011351